

## TYSVÆR KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Tysdag **11. februar 2014** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leing av utvalsleiar Jakob Alstveit.

<b>MØTESTAD:</b>	Kårstørommet, Tysvær rådhus
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 18.00 – kl. 20.00
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Jakob Alstveit (Sp), Laila R. Nemeth (A), Gunnar Egge (V), Randi I. Rettedal (Frp) og Tormod Førland (H)
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>MØTANDE VARAMEDLEM</b>	Ingen
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Revisor Roald Stakland, KPMG AS, Haugesund
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL INNKALLING</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Ingen (i etterkant sak tatt opp under Evt.)

### **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

**SAK 2/14    GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12.11.13 OG  
FRÅ SAK 1/14**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 12.11.13 og frå sak 1/14 blir godkjent slik han ligg føre.

#### **Handsaming i kontrollutvalet 11.02.14:**

Utvalet hadde ingen merknader til innhaldet, men dei ville komme tilbake til skifte av prosjekt under sak 4/14.

#### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.02.14:**

*Protokollen frå møte i kontrollutvalet 12.11.13 og frå sak 1/14 blir godkjent slik han ligg føre.*

### **SAK 3/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 11.02.14**

1. Komm.styrevedtak 26.11.13, sak 61 – Oppfølging av selskapskontroll – IKA IKS
2. Komm.styrevedtak 26.11.13, sak 62 - Rapport forvaltningsrevisjon – vedlikehold
3. Brev 10.01.14 til KPMG om endring av forvaltningsrevisjonsprosjekt
4. Årsrapport 2013 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
5. Skatterekneskapen 2013
6. Statusrapport pr. februar 2014
7. Sjukefravær 4. kvartal 2013 og totalt for 2013
8. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2014
9. NKRF si kontrollutvalgskonferanse 2014 - 05.-06.02.14 v/sekretær

#### **Handsaming i kontrollutvalet 11.02.14:**

Leiar informerte om handsaminga i kommunestyret. Utvalet drøfta igjen sjukefråværet og dei sakna ei handlingsplan. Sekretær orienterte frå konferansen, som tok opp mange interessante tema. Lysarka ligg på [www.nkrf.no/nkrfs\\_kontrollutvalgskonferansen\\_2014](http://www.nkrf.no/nkrfs_kontrollutvalgskonferansen_2014).

#### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.02.14:**

*Kontrollutvalet tar referatsakene 1-9 til orientering.*

*Utvalet etterspør ei handlingsplan for arbeidet med å redusere sjukefråværet.*

### **SAK 4/14 UTKAST TIL PROSJEKTPLAN – FORVALTNINGSREVISJON - BUDJETT- OG ØKONOMISTYRING I TYSVÆR KOMMUNE**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Budsjet- og økonomistyring i Tysvær kommune" i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå KPMG/ evt. med desse endringane:

Ramma vert sett til 200 timar.

#### **Handsaming i kontrollutvalet 11.02.14:**

Utvalet drøfta bakgrunn for skifte av prosjekt og om det utanfrå kunne sjå ut som utvalet hadde latt seg påverke av administrasjonen, dvs. at dei ikkje var sjølvstendige nok. Det blei vist til faglege råd frå revisor som grunn for skifte. De var likevel samd om at fleire skifte ikkje bør skje igjen. Revisor presenterte føremål og utkast til problemstillingar. Utvalet meinte nytt prosjekt ville famne vidt og dei hadde store forventningar til prosjektet.

#### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.02.14:**

*Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Budsjet- og økonomistyring i Tysvær kommune » i tråd med utkast til prosjektplan som ligg føre frå KPMG.*

*Ramma vert sett til 200 timar.*

### **SAK 5/14 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2013**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Tysvær godkjenner årsmelding for 2013.

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2013 frå kontrollutvalet til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 11.02.14:**

Utvalsleiar gjorde merksam på at ordet «Sveio» hadde sneke seg inn på side 5. Utvalet meinte den elles gav eit rett bilete av aktiviteten i fjor og slutta seg til innhaldet.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.02.14:**

*Kontrollutvalet i Tysvær godkjenner årsmelding for 2013 med endring på side 5.*

**Samrøystes innstilling til kommunestyret 11.02.14:**

*Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2013 frå kontrollutvalet til orientering.*

**SAK 6/14      ENDRA MØTEPLAN FOR 2014**

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Tysvær vedtar å endre vedtatt møteplan for 2014 med følgjande endring: tysdag ..... kl. 18.00.

**Handsaming i kontrollutvalet 11.02.14:**

Utvalet slutta seg til framlegget om å endre møteplan pga. møtekollisjon med kommunestyret. Utvalet blei samd å flytte det fjerde møtet frå 18. november og til 11. november.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.02.14:**

*Kontrollutvalet i Tysvær vedtar å endre vedtatt møteplan for 2014 med følgjande endring: tysdag 11. november kl. 18.00.*

**EVENTUELT**

Reguleringsplanar på kommunen sine heimesider

Rettedal ønskte ei lettare tilgang til reguleringsplanar på offentleg høyring på kommunen sine heimesider. Slik det var no, var det ikkje lett å finne dei. Utvalet var samd i at dette burde bli betre. Utvalet ønskte at kommunen skulle sjå nærare på dette, slik at planverk fekk ein meir synleg plass enn det har i dag.

Neste møte

Neste møtedato er sett til tysdag **27. mai** for uttale om rekneskap 2013. Etter møteplan vil då uttalen komme til formannskapet 10. juni og kommunestyret 17. juni.

Aksdal, 11. februar 2014

Jakob Alstveit (sign.)  
Kontrollutvalsleiar

  
Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalssekretær